

# Prop. 95 S

(2017–2018)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet 2018 under Helse- og omsorgsdepartementet (som følgje av endra takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar)

*Tilråding frå Helse- og omsorgsdepartementet 1. juni 2018,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

### 1 Endra takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar

#### 1.1 Innleiing

Helse- og omsorgsdepartementet gjer med dette framlegg om at departementet får fullmakt til å gjere endringar i basistilskot, driftstilskot og folketrygdrefusjonar for legehjelp, psykologhjelp og fysioterapi frå 1. juli 2018. Endringane for legehjelp og psykologhjelp vert gjort på grunnlag av forhandlingar med Den norske legeforening og Norsk Psykologforening. Endringane for fysioterapi vert gjort på grunnlag av forhandlingar med dei tre fysioterapeutorganisasjonane Norsk Fysioterapeutforbund, Norsk Manuellterapeutforening og Privatpraktiserende Fysioterapeuters Forbund. Endringar i refusjonstakstane blir fastsett i forskrifter. Forhandlingane med dei nemde organisasjonane er enno ikkje avslutta.

Regjeringa vil kome attende til Stortinget med framlegg om eventuelle løvingsendringar.

#### 1.2 Fastsetting av basistilskot, driftstilskot og takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar

Basistilskot, driftstilskot og takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar vert fastsett for perioden 1. juli til 30. juni påfølgjande år.

Tingingane med Den norske legeforening og staten, KS og dei regionale helseføretaka om basistilskot, driftstilskot og takstar for tidsrommet 1. juli 2018–30. juni 2019, tok til 14. mai 2018. Tingingane mellom fysioterapeutorganisasjonane og staten og KS om driftstilskot og takstar starta 15. mai. Tingingane om driftstilskot og takstar mellom Norsk Psykologforening og staten og dei regionale føretaka starta 15. mai. Ingen av desse forhandlingane er avslutta. Partane held fram tingingane med sikte på å nå fram til avtalar i løpet av juni.

Spørsmålet om eventuelle endringar i utgiftene til kommunar, regionale helseføretak og folketrygda frå 1. juli på bakgrunn av forhandlingane med Den norske legeforening, Norsk Psykologforening og fysioterapeutorganisasjonane kan ikkje leggjast fram for Stortinget til handsaming i vårsesjonen. Regjeringa gjer difor framlegg om at det blir gitt fullmakt til å gjere endringar i budsjetta til dei regionale helseføretaka, trygde-

Endringar i statsbudsjettet 2018 under Helse- og omsorgsdepartementet (som følgje av endra takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar)

refusjonane og løvvingane til kommunane som følgje av forhandlingane, samt endra forskriftar. Løvvingssakene vil bli lagt fram for Stortinget seinare.

Helse- og omsorgsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2018 under Helse- og omsorgsdepartementet (som følgje av endra takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar).

---

**Vi HARALD, Noregs Konge,**

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2018 under Helse- og omsorgsdepartementet (som følgje av endra takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar) i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### **til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2018 under Helse- og omsorgsdepartementet (som følgje av endra takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar)**

I

Stortinget samtykker i at Helse- og omsorgsdepartementet får fullmakt til å gjere endringar i løvvingane til dei regionale helsefretaka, kommunane og trygderefusjonane for legehjelp,

psykologhjelp og fysioterapi frå 1. juli 2018. Endringane vil bli gjort på bakgrunn av forhandlingane med Den norske legeforening og Norsk Psykologforening og Norsk Fysioterapeutforbund, Norsk Manuellterapeutforening og Privatpraktiserende Fysioterapeuters Forbund.

---